



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FE-611
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/782	<b>Løpenr:</b> 19/7561
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.10.2019	034/2019
Kommunestyret	17.10.2019	049/2019

### Kjøp av parsell på Bjørkheim 18/163

#### 17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Assisterande rådmann/ sektorleiar samfunn og utvikling Hilde-Lill Våge fortalte at etter at saka var handsama i formannskapet hadde grunneigar ombestemt seg og kanselert kjøpet. Ho orienterte om at dette området truleg ville komma med i områdereguleingsplanen for Bjørkheim som skal reviderast.

På bakgrunn av det Hilde Lill Våge fortalte, vart eit samrøystes kommunestyret einige om vedtaket.

#### KS- 049/2019 Vedtak:

Kjøpet vert kanselert. Området vert vurdert i revisjon av områdereguleringsplanen for Bjørkheim.

#### 03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FORM- 034/2019 Vedtak:

Samnanger kommune inngår kjøpekontrakt med Ragnar Brigtsen om kjøp av parsell på 602 m<sup>2</sup> på gnr./bnr. 18/163. Prisen vert 508,42 kroner pr. m<sup>2</sup>. Totalt vil det utgjere ein pris på 306.068,84 kroner.

Kjøpet vert finansiert med sal av bustadtomter.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår kjøpekontrakt med Ragnar Brigtsen om kjøp av parsell på 602 m<sup>2</sup> på gnr 18/163. Prisen vert 508,42 kroner pr. m<sup>2</sup>. Totalt vil det utgjere ein pris på 306.068,84 kroner. Kjøpet vert finansiert med sal av bustadtomter.

## Dokument som ikkje er vedlagt: Konsumprisindeks

**Kva saka gjeld:** Samnanger kommune har fått tilbod om kjøp av parsell på 602 m<sup>2</sup> frå eigedom 18/163.

**Fakta:** Ragnar Brigtsen har tilbode kommunen å få kjøpa arealet som vist nedanfor. Det utgjør 602 m<sup>2</sup>. Prisen vi er tilbode er indeksregulert pris som kommunen kjøpte areal frå Brigtsen i 2015. Prisen pr. m<sup>2</sup> var 450 kroner. Indeksregulert til juli 2019 vert prisen 508,42 kroner pr. m<sup>2</sup>. Totalt vil det utgjere ein pris på 306.068,84 kroner.

**Vurderingar og konsekvensar:** Det vert lagt opp til oppstart av ny revisjon på områdeplanen for Bjørkheim (vedtak naturrutalet 1 okt.) Området som vi her får tilbod om er viktig å få hand om i den vidare planlegginga og utviklinga av Bjørkheim. Det kan verte behov for å etablere eit sørvis/sanitærhus for badevika og andre aktiviteter på dette arealet. Området her er og regulert som næring/bustad og kan utviklast i tråd med det formålet. Ny revisjon vil sette endeleg formål for arealet. Inntil vidare legg det til bruk for ulike formål (snø, parkering, mm).

Pr i dag har kommunen pågåande tomtsal, og kan rekne med ei inntekt på desse til omlag 800.000 kroner.

